



Over 20 var til stades på årsmøtet i båtlaget på Sterneplassen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Den største og viktigaste saka då Uskedal Båtlag heldt årsmøte måndagskvelden var naturleg nok hamne-havariet som storstormen utløyste 14. januar og dei problem det har ført til. Årsmøtet vedtok samrøystes å gje styret fullmakt til å ta opp eit fleksilån med ei ramme på 800.000 kroner.**

I denne summen inngår eit lån på 180.000 som laget har frå før. Det vert antyda at den endelege, nye lånesummen vil ligga rundt 400.000.

Det auka låneopptaket vil ikkje gje nokon auka utgift for dei 110 som er med i båtlaget. Forsikringsselskapet IF vil truleg betala ut rundt 800.000 etter havariet på den ytre piren.

Men det var ingen som gjekk i mot då Knut Sjøwall kom med framlegg om at leigesummen for ei natt i båthamna bør aukast frå 60 til minst 100 kroner og at dei som også vil ha strøm betalar 50 kroner.

- Dette vil langt på veg dekkja utgiftene til det auka lånet, sa Sjøwall.

Båtfolk som er mykje på farten har kalla satsane i Uskedalen "vanvittig låge".



Nøkkelpersonar i båtlaget: Frå venstre sit Johan Sunde, Harald Erdal, Øystein Koløy og Leon Gundersen. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Dei nye bølgebrytarane, som vil kunne bestillast etter vedtaket på årsmøtet, vil bli 17 meter lengre og også djupare enn dei som vart skada under stormen. Dei vil dempa bølgjene meir effektivt og får ein garanti på tre år. Sjøwall heldt fram at dei gamle bølgebrytarane bør leggjast ut for sal til høgstbydande, for det er ein viss etterspurnad.

I fjor auka talet på gjestebåtar frå 820 til 1.240 og den nye piren har det meste av æra for den store aukinga.

Eit anna samrøystes vedtak under årsmøtet var at båtlaget skal halda fram med dieselsalet som dei har overtatt frå SPAR.

Nettoen på det begrensa seg til 24.000 kroner i fjor.

- Men salet har vore betre enn vi trudde, uttala formann Harald Erdal.

Revisorane Frode Luviksen og Terje Myklebust påpeika at det ikkje låg føre kassabilag for dette salet. Dei slog fast at hvis salet skal halda fram må det i framtida nyttast ein annen form for dokumentasjon enn berre kvittering frå banken.

Magne Huglen sa at dieselsalet gjev medlemmene store fordeler, auker besøket til hamna og styrkjer SPAR, Det er heller ikkje utført registrering i momsmanntalet sjølv om det er eit krav når omsetnaden overstig 140.000 og det vil nå bli gjort.

Revisorane kom også inn på dei enda meir kritiske merknadene dei hadde i fjor og påtala at det ikkje var gjort noko med dei påtala tilhøva.

Tilhøvet mellom Øyro Maria og Uskedal Båtlag kom opp fleire gonger under møtet. Det sto i årsmeldinga at Øyro Marina i samband med den nye reguleringsplanen har gjort krav på nesten halvparten av båtlaget sin plen, som er bygsla av kommunen.

- Øyro Marina vil bruka området til parkeringsplass. Dette har båtlaget sett seg i mot og det har vært nødvendig med fleire møter med kommunen. Vi vonar at det går i orden slik at vi får behalda grøntområdet vårt, stod det i årsmeldinga.

Kjell Yri hevda at orda "har gjort krav på" ikkje stemte og viste til kva både ordføraren og eigarane hadde sagt. Saka enda med at orda vart erstatta med "foreslått".

- Øyro Marina har aldri fremma noko forslag om å ta av grøntarealet, men kommunen har gjort det fleire gonger, sa Yri.

Sjøwall fant det urimeleg at næringsverksemdar som er i strid prøver å løysa striden ved å nytta bygdas friområde, som båtlaget har opparbeidd på bygsla tomt.

Yri hadde også kome med framlegg om at det skulle inngås ei avtale mellom Øyro Marina og båtlaget om bruk av båtlagets toaletter og han fekk i oppdrag å ta kontakt med Øyro for å få i stand eit møte mellom dei og leiinga i båtlaget for å få til eit betre samarbeid.

- Alle er tjent med eit godt samarbeid mellom oss to. Eg tenkjer ikkje minst på omsynet til gjestene, sa Magne Huglen.

Harald Erdal vart attvald som formann for eitt år medan Øystein Koløy vart attvald for to år. Styremedlemene Christian Stensletten, Johan Sunde og Terje Rød var ikkje på val. Knut Sjøwall og Sigurd Arnesen vart nye revisorar.

Av Ola Matti Mathisen



Revisorane Terje Myklebust (nummer to frå venstre) og Frode Ludviksen hadde kritiske kommentarar. Til høgre Knut Sjøwall, som vart ny revisor saman med Sigurd Arnesen. (Foto: Ola Matti Mathisen)